

Velkomen til

Retreat for kyrkjeleg tilsette

Åkerlehaugen
28. – 31.januar 2018


Tema:
"Å finne sin plass".

Korleis formar trua meg?
Kva skaper mitt bilde av meg sjølv?
Korleis blir min identitet forma?
Kva let eg påvirke meg?



Retreat for kyrkjeleg tilsette i Møre har blitt ein tradisjon som starta i 2012. No inviterer vi til ny retreat med åndeleg vegleiing.

Målet med ein retreat er å søke Gud og utdjupe den personlege relasjonen til han. I bøn og meditasjon søker retreatdeltakaren å lytte både til Gud og til seg sjølv. Denne retreaten vil vere taus. Det vil seie at ein får ro til å vere i bøn og møte Gud, mest muleg utan andre impulsar som kan forstyrre.



Åndeleg vegleiing vil seie at alle får samtale med vegleiar ein halv time kvar dag. Der får du hjelp til å leve i relasjon med Gud, og du får impulsar til bøn og meditasjon. Du står elles fritt til å bruke vegleiinga og tida på retreat som du vil.

Det vil bli korte undervisningsbolkar mandag og tysdag.

Anne Karin Apalseth og Arne Vigestad vil leie retreaten.

Anne Karin er utdanna åndeleg vegleiar og har mange års erfaring som vegleiar og retreatarbeidar på Sandom. Arne Vigestad er også utdanna åndeleg vegleiar. Han har tidlegare vore prest på sjukehus og i fengsel.

Som gjest på ein retreatstad ventar ein at du respekterer dei tause tidene og rytma som er lagt for retreaten. Du kan ta det opp med retreatleiar dersom det blir vanskeleg. Du kan sjølsagt tre ut av retreaten når du vil.

Pris: 4100 kr. Møre bispedømeråd sine tilsette vil få dekkja utgiftene til retreaten. Andre må avklare med sin arbeidsgjevar.

Frist for påmelding: 1. desember til more.bdr@kirken.no

<http://www.retreat.no/retreatsted/akerlehaugen>